



Påskehelsing frå kommunedirektøren

«Lag deg ei god påske» - Det fortener du og dine no!

«Det går ingen flat veg opp på fjellet» heiter det i eit av dei mange ordspråka Ivar Aasen i si tid samla inn. Sjølv om meldingane no seier at vi har kontroll på spreinga av viruset, skal vi framleis opp nokre bratte bakkar før vi er i mål og liva våre blir normale att.

Kampen mot korona kan framstå som eit høgt og bratt fjell for mange av oss. Vanlegvis kan vi velje om vi vil gå opp på fjellet i dag, eller vi kan utsette til i morgon viss det er meldt finare vêr. Det kan vi diverre ikkje når det gjeld kampen mot viruset. Den kampen tek vi no, og vi går oppover steg for steg og dag for dag. Vi tek ingen unødige sjansar og vi veit at vi til slutt kjem trygt opp.

Denne betyr at denne påska nok blir annaleis enn ei vanleg påske. Dei siste 3 vekene har vi trena på motbakkane. No skal vi ta oss tid til å nyte at vi er komne eit stykke opp i fjellsida og vi skal ta oss tid til å tenkje at føret trass alt kunne ha vore verre.

For det kunne ha vore langt verre i dag enn det er. Takka vere den innsatsen vi alle har gjort saman, har vi no kontroll på epedemien både i Stryn og i resten av landet. Likevel må vi minne kvarandre på at utfordringane ikkje er over. Vi må framleis vaske hendene ekstra godt, vi må halde avstand og vi må følgje dei andre råda vi har fått for å unngå at smitta spreier seg på nytt.

Nokre av oss må vere på jobb i påska for å halde hjula i gang og hjelpe dei som treng hjelpa vår. Alle tilsette i kommune skal vite at vi aldri har fått så mange fine helsingar frå innbyggjarane våre som vi har fått nettopp desse siste vekene. Det betyr at det vi gjer er viktig for mange. Då er det lettare å stå på vidare så lenge det er naudsynt!

Mange lurer på kva som skjer etter påske. Vår strategi har heile tida våre å rette oss etter dei råd og pålegg vi har fått frå staten og fagmynde, og så tilpasse det slik at det passar og let seg gjennomføre i kommunen vår. Det har vi tenkt å halde fram med. Men du som tilsett skal vere heilt trygg på at korkje vi eller regjeringa tek nokon sjansar med tryggleiken din.

Regjeringa skal i dag klokka 16 legge fram sin plan for tida atter påske og kva tiltak som då skal gjelde. Vi kjem då tilbake med kva dette betyr for oss.

Og opp i alt dette skal vi feire påske. Kanskje må vi denne påska jobbe litt ekstra med oss sjølve og dei nærast oss for å skape nokre gode dagar.

Difor avsluttar eg med å seie: «Lag deg ei god påske»! Det fortener du og dine no!

Rune